



Foreldre-app: «TietoEducation»

Til orientering

Føresette av barn i SFO, skal no gjere seg nytte av Foreldre-appen: TietoEducation. Foreldreappen er allereie teke i bruk i skulen.

Appen gir dei føresette tilgang til sitt/sine barn, og er ein sikker stad å melde frávær og kommunisere med SFO med meldingar.

Av omsyn til personvernet, må ein logge på appen ved hjelp av eID (MinID, bankID eller tilsvarande). Dette vil dermed erstatte til dømes meldeboka, e-post og sms.

Begge føresette kan ha appen og vil få opp det som er registrert i høve frávær på sine barn. Informasjon om barnet og føresette er henta frå folkeregisteret. Ta kontakt med rektor om evt. problemstillingar i høve folkeregisterinformasjon. Sjekk at e-post og mobilnr er rett. Dette sjekker du i «innstillingar».

I appen kan du sende meldingar om frávær med kommentar, for heil dag eller del av dag. Dersom frávær gjeld både for skule og SFO, må ein hugse å krysse av for begge deler, slik at SFO og får melding om frávær. Dersom frávær/fri frå SFO ikkje er meldt frå om før SFO startar, må ein ringe for å sikre seg at dette vert registrert.

Appen kan lastast ned via AppStore eller GooglePlay. For dei som ikkje ønskjer eller kan nytte ein app, vil det vere mogleg å logge på via ei nettside (same innlogg og funksjonar). Dersom ein har spørsmål om appen eller treng lenke, finn ein meir om dette [her](#).

Ein kan forvente seg små oppdateringar i appen som går på språk og nye funksjonalitetar. Informasjon som gjeld nye funksjonalitetar, får ein frå SFO når desse skal takast i bruk. Rutinar vil elles verte presiserte frå skulen si side.

Vi vonar dette både vil forenkle ein viktig del av dialogen mellom heim, skule/SFO samstundes som det sikrar barna sine data.

Lukke til med meldeboka på app!

Lene Nupen
Avdelingsleiar skule
Volda kommune